



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## BORDALEN SKULE



**6. – 9. NOVEMBER 2006**



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **1 Føreord**

#### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

#### **Kven er vurderar ?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

#### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

#### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

### **2 FAKTA OM SKULEN**



## *Hardanger / Voss kompetanseregion*

### *Vurderingsgruppa*

Bordalen skule ligg midt i Bordalen, 7 km. Frå Voss sentrum. Skulen er ein tredelt barneskule med 39 elevar. Skulen har 8 tilsette, av dei er fem lærarar. Det er ingen assistentar dette skuleåret. Skulen har SFO tilbod tre dagar i veka. Ein av lærarane er leiar der. Skulebygget er frå 1957 og er påbygd i 1981. Sidan 2001 har skulen delt hus med den private barnehagen på staden

### **3 VURDERINGSTEMA**

Bordalen skule har bede om vurdering på følgjande tema : **Arbeidsplanar**

### **4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV**

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen*

#### **Bordalen skule: Arbeidsplanar**

*Utdjuping av vurderingsområdet*

*Vi har vurdert arbeidsplanane ut i frå eit glansbilete for vekeplanar/arbeidsplanar som skal organisera heime- og skulearbeidet til elevane samanhengande gjennom året.*

*Det vanlege er å lage planar som gjeld for ei eller to veker av gongen.*



## Hardanger / Voss kompetanseregion

### Vurderingsgruppa

Bordalen skule Tema: Arbeidsplanar

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
A Skulen prioriterer felles arbeid med arbeidsplanar	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar</li><li>2. Personalet er opne for endringar</li></ol>
B Utforminga av arbeidsplanen er oversiktleg for alle brukarar og gir god informasjon	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Arbeidsplanane er oversiktelege og lette å skjønna for elevar, føresette, skuleleiing, andre lærarar, vikarar og assistentar</li></ol> Arbeidsplanen inneheld: <ol style="list-style-type: none"><li>2. oversikt over leksearbeid</li><li>3. oversikt over arbeid som skal gjerast på skulen</li><li>4. læringsmål</li><li>5. generell informasjon til føresette</li><li>6. generell informasjon til elevar</li><li>7. felt for tilbakemelding frå føresette</li><li>8. felt for tilbakemelding frå elevar</li></ol>
C Læraren tilpassar arbeidsplanane til elevar på ulike nivå	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Læraren lagar tydelege læringsmål på arbeidsplanen</li><li>2. Læraren lagar fleire utgåver med ulik vanskegrad</li><li>3. Alle elevar får utfordringar på kvar arbeidsplan</li><li>4. Alle opplever å lære noko nytt</li><li>5. Alle elevar opplever meistring under arbeid med planen</li><li>6. Alle elevar opplever at dei som oftast kan greie alt arbeidet på planen</li><li>7. Elevane får arbeide i sitt eige tempo</li><li>8. Elevane arbeider ofte med ulike oppgåver på same tid</li><li>9. Læraren arbeider med miljøet slik at elevane er trygge på kvarandre og aksepterer at elevar jobbar med ulike planar.</li><li>10. Elevane syner trivsel</li></ol>
D Læraren legg opp til varierte arbeidsmåtar	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Planen inneheld individuelt arbeid og samarbeidsoppgåver</li><li>2. Planen legg opp til at elevane skal lære ulike arbeidsmåtar</li><li>3. Elevane har tilgang på ulike hjelpemiddel i arbeid med planen</li><li>4. Elevane kan skifte aktivitet utan å gå vegen om lærar</li></ol>
E Læraren gir rettleiing og tilbakemelding	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Lærarane gir alle elevane merksemd kvar dag</li><li>2. Alle elevar får tilbakemelding på arbeidet med kvar plan</li><li>3. Lærar trener elevane i å evaluera seg sjølv, både fagleg og korleis dei lærer</li></ol>
F Elevane er aktive i sin eigen arbeidsprosess	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Elevane får høve til å planlegga eiga tid og eige arbeid</li><li>2. Elevane vurderer eige arbeid med arbeidsplanen</li><li>3. Elevane er motiverte</li><li>4. Elevane har fokus på arbeidsoppgåvene</li></ol>



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **5 DELTAKARAR I VURDERINGA**

Interne : Elevar frå 3. til 7. trinn, rektor og alle lærarane på skulen og føresette  
Eksterne : Hanne Sandvik frå vurderingsgruppa i Hardanger-Voss kompetanseregion  
Marit Leknes Gryte og Jørgen Alisøy frå HAFS- regionen

#### Grunngjeving for val av informantar

Vurderingstemaet "Arbeidsplanar" omfattar undervisninga på alle trinn. Vi har valdt å ikkje nytte 1. og 2. trinn direkte som informantar fordi det er eit tema dei i liten grad har føresetnader for å fortelja om, men vi har vore i gruppa og observert. Alle føresette hadde høve til å svara på eit påstandsskjema, medan vi kalla inn berre FAU til samtale. Alle lærarane var sjølvstilt viktige informantar, og vi hadde daglege samtalar med rektor for å diskutera problemstillingar og funn med han.

### **6 TIDSBRUK**

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølvve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebear vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.  
Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*



## *Hardanger / Voss kompetanseregion*

### *Vurderingsgruppa*

#### **Tidsplan for vurdering på Bordalen skule veke 45 6. – 9.11.06**

<b>TID</b>	<b>TILTAK</b>
September	Skulen melder inn vurderingstema
Veke 42 Måndag 23.10.06	Vurderar lagar framlegg til glansbilete og sender dette til rektor og hospitantar
Veke 43	Hospitantar gir tilbakemelding til framlegg til glansbilete
Veke 43 Måndag 25.10.06	Stor fordel om personalet får sjå/ diskutera glansbiletet denne dagen!
Veke 43 Tysdag 24.10.06 Kl. 9.00	Vurderar møter rektor. Saker: 1. Orientering om Hardanger - Voss vurderingsgruppe Diskutere framlegget til glansbilete og skulen sitt arbeid med det før endeleg godkjenning. 2. Diskutere og fastslå tidsplan og innhald i vurderingsveka. 3. Overlevering av aktuelle dokument: Døme på arbeidsplanar for alle trinn, overordna planar for skulen.
Veke 43 Frist: Onsdag 25.10.06	Skulen sender tilbakemelding/ godkjenning av glansbiletet
Veke 43 Frist: Fredag 27.10.06	Vurderar lagar påstandsskjema til elevar og foreldre og sender det til rektor. NB! Viktig at foreldreskjema kjem tidleg, for det skal heim og tilbake att med elevar
Veke 44 Frist: I posten onsdag kveld	Rektor administrerer utfylling og innsamling av skjema og returnerer til vurderar Adr. H.S 5476 Mauranger
Veke 44	Rektor lagar timeplan for møter og samtalar tysdag, onsdag og torsdag i vurderingsveka
Fredag 3.11.06	Vurderar skårar påstandsskjema
Måndag 06.11.06 kl. 19.00	Kort møte med rektor, vurderar og hospitantar På Park hotell? Vurderar får timeplan for veka.
Måndag kveld	Vurderar og hospitantar gjer ferdig samtaleguidar til foreldre, elevar og lærarar
Tysdag 07.11.06 Kl. 08.00	Møte med rektor Samtalar
Onsdag 08.11.06	Møte med rektor Samtalar
Torsdag 09.11.06	Kl.13.00: Møte med rektor og ev. skuleeigar Kl. 14.00: Presentasjon av rapportframlegg Det er ønskeleg at skuleeigar er representert Justering og ev. rettingar, overlevering av rapport i papir og digitalt format. Overlevering av evalueringsskjema
Veke 46	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida
Frist veke 49	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Hanne



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **7 METODAR**

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

#### Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet verksemdsplan, og eit utval av døme på arbeidsplanar

#### Observasjon

Vi observerte elevar på alle trinn i arbeid med arbeidsplanar.

#### Spørjeskjema/påstandsskjema

Før skulebesøket sende vurderingsparet ut tre påstandsskjema, eit til føresette, eit til 3.-4. trinn og eit til 5. – 7. trinn. Skulen distribuerte og samla inn og sendte skjema til vurderar for oppsummering.

#### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderar utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i vurderingsområde, Kunnskapsløftet og skulen sine innspel.

#### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med elevar 3. og 4. trinn, elevar 5. – 7. trinn til FAU og til lærarar.

#### Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå informasjonen vi fekk mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET**

#### **Vi møtte ein skule prega av ro og harmoni.**

Elevane får gå rett til klasseromma når dei kjem om morgonen. Alle dører er opne. Det viser at det er eit godt tillitsforhold mellom lærarar og elev. I undervisningssituasjonen var det og ein god tone. Elevane var fokuserte på arbeidsoppgåvene og skifta aktivitet og tema på ein smidig måte.

#### **Skulen har positive og engasjerte foreldre.**

Det er stor deltaking på alle typar foreldremøte. Dugnadsånda er sterk og dei føresette er opptekne av at skulen er ein del av bygda. Dei engasjerer seg i elevane sitt skulearbeid, og dei er med på å stelle i stand sosiale aktivitetar på kveldstid.

#### **Lærarane og rektor verkar samstemte i arbeidet med å utvikla arbeidsplanar for alle trinn.**

Alle trinn har planar og alle vil utvikla planane sine til å bli ein god reiskap i undervisninga. Elevane er aktive og motiverte når dei brukar planen. Fleire trinn er komne i gang med å vurdere eige arbeid (loggføring).

#### **Skulen har system for elevsamtalar og lærarane er flinke til finne tid til individuelle samtalar.**

Dette blir viktig framover, både med tanke på utviklinga av arbeidsplanane og arbeidet med Kunnskapsløftet, der rettleiarrolla vert sterkt framheva.

#### **Skulen er komne godt i gang med å oppfylle kriteriet ” Elevane er aktive i sin eigen arbeidsprosess”.**

Her ser vi at fleire trinn syner god praksis på dei teikna skulen valde å bli vurdert på.



## 9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- 1. Arbeidsplanen bør dekke desse funksjonane i den daglege drifta: Oversikt over tema og arbeidsmåtar i ulike fag, heimearbeid og generell informasjon mellom heim og skule.**  
Arbeidsplanen bør innehalde ulike arbeidsmåtar som og krev ulike hjelpemiddel. Den bør leggja opp til individuelt arbeid og samarbeidsoppgåver. Gruppesamansetjinga bør vera lærarstyrt.

Ein arbeidsplan som berre inneheld sidetal informerer lite om kva som er emne for undervisninga.

Det kan vera arbeidssparande og meir informativt å leggja informasjon inn på arbeidsplanen.

- 2. Læringsmål bør med på arbeidsplanen.**

Læringsmåla for kvar planperiode må vera godt synlege på planen, konkrete og lett kontrollerbare. Det må ikkje vera for mange læringsmål for kvar periode. Planperioden treng ikkje ha med mål for alle faga kvar gong. Nokre læringsmål kan gå over fleire periodar. Elevane må bevisstgjerast på kva som er måla for perioden. Viktig å lære, ikkje berre gjere.

- 3. Lærarane må verte meir medvitne om kva dei vil med arbeidsplan på kvart trinn, slik at dette skaper ei samanhengande og heilskapleg utvikling i arbeidsplanarbeidet.**

Eksempel på dette kan vere:

- skape meir sjølvstendige elevar
- lære ulike arbeidsmåtar
- kunne gi individuell og tilpassa opplæring
- å variere arbeidsoppgåvene
- frigjere tid til utviklingssamtalar/retteleing

Planen bør innehalde individuelt arbeid, samarbeidsoppgåver og ulike arbeidsmåtar som krev ulike hjelpemiddel.

- 4. Arbeidsplanane bør tilpassast elevar på ulike nivå på same trinn.**

Alle elevar må få høvelege utfordringar på kvar arbeidsplan, også dei som lærer fort. Alle skal oppleve meistring, alle skal lære noko nytt. Alle skal erfare at om dei arbeider godt i eige tempo kan dei greie alt som står på planen. I eit inkluderande læringsmiljø er det ikkje nødvendig å kamuflere/skjule at ein jobbar med same tema på same plan, men på ulike nivå.



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

### 10 IDEAR TIL VIDARE ARBEID

Utviklingsområde	Idear	Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid
<b>Arbeidsplanen bør dekke desse funksjonane i den daglege drifta: Oversikt over tema og arbeidsmåtar i ulike fag, heimearbeid og generell informasjon mellom heim og skule.</b>	Det finst mykje litteratur med døme på arbeidsplanar. (Viser til Kjell Moen si bok om arbeidsplanar) Ein måte å avgrense omfanget på planen, kan vera å ha ei loggbok. Elevane ville gjerne spara på det læraren hadde skreve, og da er ei bok betre enn lause ark. Boka vil og vera eit godt hjelpemiddel i utviklingssamtalar seinare.		
<b>Læringsmål bør med på arbeidsplanen.</b>	Sjå kap 9		
<b>Lærarane må verte meir medvitne om kva dei vil med arbeidsplan på kvart trinn, slik at dette skaper ei samanhengande og heilskapleg utvikling i arbeidsplanarbeidet.</b>	Sikkord her er felles layout og ei utvikling som høver kvart trinn. Døme: Symbol i staden for skrift på dei låge trinna.		
<b>Arbeidsplanane bør tilpassast elevar på ulike nivå på same trinn.</b>	Det er eit stort utviklingsarbeid å laga tilpassa arbeidsplanar. Vi vil råde til at skulen brukar god tid til å utvikla sin måte å differensiera på. Ein må finna eit innsatsnivå lærarane kan leva med over tid. Det bør vera eit mål å differensiera i tre nivå		

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 9.11.06

vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Hospitantar frå HAFS - regionen



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

### PÅSTANDSSKJEMA TIL FØRESETTE PÅ BORDALEN SKULE TEMA: ARBEIDSPANAR

Føresette svarer på eit skjema for kvart barn dei har i skulen  
Barnet mitt går på trinn .....

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Litt enig	Heilt enig	Veit ikkje/ uaktuelt
1. Vi fekk god informasjon då elevane begynte med ny type arbeidsplan					
2. Vi les alltid arbeidsplanen					
3. Eleven har alltid med seg arbeidsplanen heim					
4. Arbeidsplanen er oversikteleg og lett å skjønna for oss					
5. Arbeidsplanen er oversikteleg og lett å skjønna for eleven					
6. Det er lett å sjå kva som forventast av heimearbeid kvar dag					
7. Vi veit kva forventningar skulen har til oss når det gjeld hjelp til barnet vårt					
8. Vi les med interesse kva elevane skal gjera på skulen					
9. Arbeidsplanen inneheld nyttig informasjon utanom det faglege					
10. Arbeidsplanen legg opp til at vi kan koma med korte tilbakemeldingar til skulen.					
11. Vi tykkjer det er nyttig å sjå kva som er læringsmål for perioden					
12. Vårt barn klarer dei aller fleste av oppgåvene dei får på arbeidsplanen					
13. Vårt barn får utfordringar på kvar arbeidsplan					
14. Vi får tilbakemelding på korleis barnet vårt arbeider med arbeidsplanen					
15. Vi veit når barnet vårt har elevsamtalar/ utviklingssamtalar med læraren					
16. Barnet vårt trivst på skulen					



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 2

**PÅSTANDSSKJEMA FOR ELEVAR PÅ BORDALEN SKULE**  
**Tema: Arbeidsplanar**

TRINN 3 og 4 Eg går på trinn:

	Veit ikkje	Ikkje einig	Litt einig	einig
1. Eg snakkar ofte med læraren min om korleis eg arbeider				
2. Det er lett å forstå kva eg skal gjera på arbeidsplanen				
3. Eg veit alltid kva eg har i lekser				
4. Arbeidsplanen viser kva vi skal gjere på skulen				
5. det står læringsmål på arbeidsplanen				
6. Eg har alltid med meg planen heim				
7. Foreldra mine les alltid planen				
8. Eg klarar som regel å gjera alle oppgåvene på arbeidsplanen				
9. I gruppa mi blir ingen erta for at dei jobbar seinare enn andre				
10. Eg trivst på skulen				
11. Vi har ofte oppgåver der vi samarbeider				
12. Vi har mange hjelpemiddel i klasserommet som eg kan bruka når eg vil				



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

### PÅSTANDSSKJEMA FOR ELEVAR PÅ BORDALEN SKULE Tema: Arbeidsplanar

TRINN 5-7 Eg går på trinn:

	Veit ikkje	Heilt ueinig	Litt ueinig	Litt einig	Heilt einig
1. Eg har elevsamtale/utviklingssamtale minst to gonger i året					
2. Arbeidsplanen min er oversiktleg og lett å forstå					
3. Arbeidsplanen viser kva eg skal gjere heime					
4. Arbeidsplanen viser kva vi skal gjere på skulen					
5. Eg tykkjer det er nyttig for meg å ha læringsmål på arbeidsplanen					
6. Eg har alltid med meg planen heim					
7. Foreldra mine les alltid planen					
8. Eg klarar som regel å gjera alle oppgåvene på arbeidsplanen					
9. På skulen arbeider vi ofte med ulike oppgaver på same tid					
10. Elevane på mitt trinn har litt ulike oppgaver på arbeidsplanen					
11. I gruppa mi blir ingen erta for at dei jobbar seinare enn andre					
12. Eg trivst på skulen					
13. Planen legg opp til at vi lærer ulike arbeidsmåtar					
14. Vi har ofte oppgaver der vi samarbeider					
15. Vi har mange hjelpemiddel i klasserommet som eg kan bruka når eg vil					
16. Eg kan arbeida med planen aleine, utan å spørja lærar om kva eg skal gjera					
17. Eg får tilbakemelding på arbeidet eg har gjort med kvar plan					
18. Lærar trener oss i å vurdere eige arbeid					
19. Lærarane gir meg merksemd kvar dag					
20. Eg får høve til å planlegga eiga tid og eige arbeid på arbeidsplanen					



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### VEDLEGG 4

#### **Samtale med FAU på Bordalen skule Tema: Arbeidsplanar**

Har de inntrykk av at de som føresette påverkar endringar på skulen?

Får de informasjon og ev. spørjeskjema før elevsamtalen?

Trur de alle føresette les arbeidsplanen?

Korleis er rutineane for å få planen heim til dykk?

Er det mogeleg planen heim på nett?

Kor viktig er arbeidsplanen for informasjon mellom heim og skule?

Kva kan gjera det vanskeleg for eleven å skjønna planen?

Har de vore med på å påverka korleis planen skal sjå ut?

Gjev de tilbakemelding dersom noko er uklårt eller dersom de ikkje er nøgd med noko på planen?

Veit de korleis de er forventa at de skal støtta elevane i deira arbeid med planen?

Får de tilbakemelding om korleis arbeidet med planen har gått?

Er de kjende med uttrykket læringsmål?

Har de inntrykk av at planen er tilpassa dei ulike elevane i ein klasse?

Har elvane høve til å velja oppgåver i heimearbeidet?

Har de inntrykk av at elevane aksepterer at det er forskjell på kva ulike elevar i ein klasse kan greie?

Er det god trivsel på skulen?

Kva vil du nemna som ei av dei sterkaste sidene ved Bordalen skule?

Anna



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 5

**Samtale trinn 3 og 4 BORDALEN SKULE Tema: Arbeidsplanar**

Trivst de på skulen?

Kor ofte snakkar du aleine med læraren din?

Kva snakkar du og læraren om når de snakkar berre du og han?

Har de alltid hatt arbeidsplan?

Kva tykkjer de om å ha arbeidsplan?

Treng du hjelp for å finna fram på arbeidsplanen?

Er det lett å sjå kva som er lekse?

Kva er læringsmål?

Kor har du arbeidsplanen din?

Viser du planen til foreldra dine?

Hender det at du ikkje får gjort alt som står på planen?

Er det flaut å ikkje greie alt som står på planen?

Får de jobba i lag med arbeidsplanen av og til?

Har de mykje utstyr og ting du kan bruka når du løyser oppgåver på planen?

Snakkar du med læraren kvar dag?

Jobbar alle med det dei skal i timen?

Kva er det beste med Bordalen skule?

Anna:



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 6

**Samtale trinn 5 6 7 BORDALEN SKULE Tema: Arbeidsplanar**

Trivst de på skulen?

Kor ofte snakkar du aleine med læraren din?

Kva snakkar du og læraren om når de snakkar berre du og han?

Har de alltid hatt arbeidsplan?

Kva tykkjer de om å ha arbeidsplan?

Treng du hjelp for å finna fram på arbeidsplanen?

Korleis veit du kva som skal gjerast heime?

Kva er læringsmål?

Kvifor kan det vera nyttig med læringsmål?

Kor har du arbeidsplanen din?

Viser du planen til foreldra dine?

Hender det at du ikkje får gjort alt som står på planen?

Har alle i klassen den same planen?

Korleis er det å ikkje greia alt på planen?

Korleis brukar de arbeidsplanen?

Får de jobba i lag med arbeidsplanen av og til?

Legg arbeidsplanen opp til at de skal læra forskjellige arbeidsmåtar?

Kan de velja arbeidsmåtar når de jobbar med planen?

Kan de velja kva for oppgåver de vil gjera ?

Har de utstyr og ting i klasserommet som du kan bruka når du løyser oppgåver på planen?

Jobbar alle med det dei skal i timen?

Snakkar du med læraren om arbeidet ditt med planen?

Vurderer de eige arbeid med planen?

Kva er det beste med Bordalen skule?

Anna:



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### VEDLEGG 7

**Samtale med lærarar på Bordalen skule    Tema: Arbeidsplanar**

Trivst du på Bordalen skule?

Har de eit system for elevsamtalar?

Korleis organiserer du elevsamtalane dine?

Tykkjer du innhaldet i omgrepa elevsamtale og utvilkingssamtale er det same?

Korleis vurderer de skulen sitt arbeid internt?

Korleis vert utviklingsområde peika ut?

Kva tykkjer du om det tilbodet skulen/kommunen har for kompetanseutvikling?

Er det lett å få til endringar på din skule?

Fortel om eit døme på ein slik endringsprosess.

Korleis brukar du arbeidsplanen?

Er arbeidsplanen oversikteleg og lette å skjønna for elevar, føresette, skuleleiing, andre lærarar og vikarar?

Kva av dette er ikkje med på dine planar? Kvifor har du i så fall valt å ikkje ha det med?

9. oversikt over leksearbeid
10. oversikt over arbeid som skal gjerast på skulen
11. læringsmål
12. generell informasjon til føresette
13. generell informasjon til elevar
14. felt for tilbakemelding frå føresette
15. felt for tilbakemelding frå elevar

Korleis tilpassar du planen til ulike elevgrupper

Stikkord:

Mål

Utfordringar/vanskegrad

Meistring

Arbeidsmåtar

Verktøy/hjelpemiddel

Vil du seie at læringsmiljøet i gruppa di er akseptierende?

Lærer du elevane opp til å bruke ulike arbeidsmåtar?

Korleis er tilgangen på ulike hjelpemiddel?

Korleis gir du elevane tilbakemelding på arbeidet med planen?

Korleis vurderer elevane eige arbeid med planen?

Er alle elevane som oftast fokuserte på arbeidsoppgåvene?

Kva vil du nemna som ei av dei sterkaste sidene ved Bordalen skule?

Anna